



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:	Digitalt møte
Dato:	03.12.2025
Tidspunkt:	10:00 – 12.00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 41/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 42/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 43/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2026		2025/537
ST 44/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan 2026		2025/537
ST 45/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - Høyring Naturmangfaldplan Aurland kommune		2025/537
ST 46/25	Orienteringar og referatsaker		
ST 47/25	Resultat frå Kunnskapsprosjektet 2025		2025/537
RS 15/25	Utkast til program dialogmøte 8. januar 2026		2025/537
DS 7/25	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde- motrferdsel transport av materiale - Jostein Daltveit		2025/16698
DS 8/25	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Bleie-Storebotn landskapsvernområde - Norheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2025 - Arvid Gilje		2025/16352

ST 41/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 42/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2025/537-28

Sakshandsamar: Steinar Garmann Sørli

Dato: 21.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre		

Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2026

Innstilling frå forvaltar

Det vert lagt fram eit oppdatert driftsbudsjett, ein tydeleg møteplan og prioriteringar som løftar kunnskapsinnhenting, overvaking og planarbeid som kjerneoppgåver i 2026.

1. Vedtek møteplanen for 2026 med seks møte og synfaring i juni.
2. Godkjenner budsjett og prioriteringar i tråd med framlagd oversikt.
3. Støttar innsending av søknader om:
 - driftsmidlar
 - grunnstøtte
 - felles kunnskapsinnhenting (300 000 kr)
 - overvåking/prøvetaking (200 000 kr)
 - marin kartlegging (250 000 kr)
4. Gjev forvaltar fullmakt til å justere budsjettet i samråd med styreleiar før innsending i januar.
5. Sluttar seg til at alle tiltak skal følgje strategien 2026–2030 frå Miljødirektoratet

Drift av Nærøyfjorden verneområdestyre 2026	
	Budsjett søkt
Driftsutgifter for styre og utval	
Møtegodtgjering for styret	160 000
Reisekostnader styret og Rådgjevande utval	22 000
Møteutgifter (lokale, mat etc)	47 800
Delfinansiering Felles møte Vestnorsk fjordlandskap	30 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	10 000
Sum drift	269 800
Utgifter i samband med planarbeid	
Revidering av forvaltningsplan, møte- og reisekostnader	30 000
Felles kunnskapsinnhenting Vestnorsk fjordlandskap	300 000
Overvåking Nærøyfjorden - prøvetaking vdr eutrofiering 3 årig overvåkingsprogram	200 000
Kartlegging koraller, sjøfjær og svamp	250 000
Overvåking - Refotografering kulturlandskap	50 000
Sum planarbeid	830 000
Sum driftskostnader	1 099 800



Saksopplysningar

1. Bakgrunn

Miljødirektoratet sine føringar (27.10.2025) for perioden 2026–2030 gjev tydelege krav til korleis verneområdestyra skal prioritere tiltak, dokumentere verknader og byggje kunnskapsgrunnlag. Dette omfattar naturmangfaldlova §§ 8–12, styrkt samarbeid med SNO og betre fagleg forankring i planverk.

Arbeidet med ny felles forvaltningsplan har vore forseinka, og 2026 vert eit nøkkelår for å styrkje kartlegging, overvaking og OUV(Outstanding Universal Values) -dokumentasjon i heile Vestnorsk fjordlandskap.

2. Styret sine hovudoppgåver i 2026

- Sikre at alle tiltak er forankra i gjeldande planar (forvaltningsplan, skjøtselsplan, besøksstrategi).
- Prioritere tiltak etter trusselbiletet og strategien 2026–2030 frå Miljødirektoratet.
- Vurdere miljørettslege prinsipp og styrkje dokumentasjon av påverknad på naturmangfald.
- Følgje opp planleggingsmøte og samhandling med SNO.
- Sikre god økonomistyring og rapportering i ESS og Naturoppdrag.
- Styrkje dialog med RU og lokalsamfunnet.
- Prioritere kunnskapsbasert forvaltning og OUV (Outstanding Universal Values) -overvaking.
- Leggje til rette for synfaringar som styrkjer styret sitt faggrunnlag.

Vurdering

Nærøyfjorden og UNESCO sitt verdsarvområde krev føreseieleg drift, jamlege møte og ei forvaltning som byggjer på solid fagkunnskap.

Nye strategiar frå Miljødirektoratet skjerpar krava til prioritering, overvaking og systematisk dokumentasjon av påverknad på verneverdiane og OUV .

3. Møteplan 2026

Mål: sikre god framdrift, fagleg forankring og regelmessig handsaming.

- **Februar** – styremøte (revidert tiltaksplan)
- **April** – styremøte
- **Juni** – todagars styremøte + synfaring
- **September** – styremøte + dialogmøte med RU
- **Oktober** – styremøte



- **Nov/Des** – styremøte + planleggingsmøte med SNO for 2027

Vurdering:

Synfaring i juni er avgjerande for feltforståing; februar og november/desember er sentrale for prioriteringar og budsjett.

4. Prioriteringar i 2026 (Miljødirektoratet sine føringar)

Hovudprioriteringar

1. Tiltak som reduserer direkte truslar mot verneverdiane.
2. Løpande skjøtsel av prioriterte naturtypar.
3. Vedlikehald av tilrettelegging.
4. Besøksforvaltning i område med høgt besøkstrykk.
5. Utreiingar knytt til konkrete tiltak.
6. Samfinansierte tiltak med lokal eigarskap og nytte.

5. Kunnskaps- og overvakingstiltak 2026

Arbeidet med ny felles forvaltningsplan krev styrkt faggrunnlag. I 2024–2025 er kunnskapsprosjektet gjennomført av Miljøfaglig Utredning, og dokumenterer behov for ytterlegare kartlegging i 2026, sjå eiga sak med rapport frå Kunnskapsinnhenting.

Prioriterte tiltak

- Felles kunnskapsinnhenting – Vestnorsk fjordlandskap (300 000 kr)
Grunnlag for revisjon av forvaltningsplan og UNESCO-rapportering.
- Overvåking Nærøyfjorden – eutrofiering (200 000 kr)
Treårig program for oksygen- og hydrografiprofilar.
- Kartlegging korallar, sjøfjær, svamp (250 000 kr)
Kritisk for OUV (Outstanding Universal Values), bevaringsmål og vurdering av sårbare marine naturtypar.
- Refotografering kulturlandskap (50 000 kr)
Dokumenterer endringar og utvikling i kulturlandskapet over tid.

6. Budsjett 2026

Drift av Nærøyfjorden verneområdestyre 2026	
	Budsjett søkt
Driftsutgifter for styre og utval	
Møtegodtgjering for styret	160 000
Reisekostnader styret og Rådgjevande utval	22 000
Møteutgifter (lokale, mat etc)	47 800
Delfinansiering Felles møte Vestnorsk fjordlandskap	30 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	10 000
Sum drift	269 800
Utgifter i samband med planarbeid	
Revidering av forvaltningsplan, møte- og reisekostnader	30 000
Felles kunnskapsinnhenting Vestnorsk fjordlandskap	300 000
Overvåking Nærøyfjorden - prøvetaking vdr eutrofiering 3 årig overvåkingsprogram	200 000
Kartlegging koraller, sjøfjær og svamp	250 000
Overvåking - Refotografering kulturlandskap	50 000
Sum planarbeid	830 000
Sum driftskostnader	1 099 800

7. Endringar frå driftsbudsjett 2025 → 2026

Nytt i 2026

- Overvåking eutrofiering (200 000)
- Kartlegging korallar/sponge communities (250 000)
- Refotografering kulturlandskap (50 000)
- Auka møteutgifter pga. fleire møte og synfaring
- Delfinansiering felles møte Vestnorsk fjordlandskap (30 000)

Uendra

- Møtegodtgjering
- Reisekostnader
- Drift av nettside



Arkivsaksnr: 2025/537-34

Sakshandsamar: Steinar Garmann Sørli

Dato: 21.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøfjorden verneområdestyre		

Nærøfjorden verneområdestyre - tiltaksplan 2026

Innstilling frå forvaltar

Nærøfjorden verneområdestyre vedtek tiltaksplan for 2026 og prioritering av tiltaksmidlar og SNO-ressursar i tråd med saksframlegget.

Forvaltaren kan, i samråd med styreleiar, gjere nødvendige budsjettjusteringar før innsending til Miljødirektoratet innan januar 2026.

Tiltaksplan Nærøfjorden 2026, prioritert rekkefylgje	
Kort omtale av tiltak	Budsjett 2026
Skjøtsel av kulturlandskap	
Styvi-Holmo	430 000
Stigen	95 000
Stokko	100 000
Stalheimskleiva, beite årlig	80 000
Nåli	40 000
Øvste Stigen	30 000
Nedbergo	55 000
Skogane	16 300
Beite Skogane, årlig	30 000
Jeiskali og sti	25 000
Fronnes	10 608
Nåli	40 000
Beite Nåli årlig	40 000
Nordheimsdalen, framande artar i sør	5 440



Nordheimsdalen, stølen - seminaturleg eng og boreal hei	21 760
Restaurering av kai Styvi 50% delfinansiering	130 000
Restaurering av kai Holmo 50% delfinansiering	90 000
Sum skjøtsel av kulturlandskap	1 239 108
Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar	
Postvegen Bleiklindi-Styvi - Slått og rydding, årlig.	50 000
Rimstigen, årlig	30 800
Stiar Fresvik, årlig	21 500
Undredal - Stokko, årlig	9 600
Underdal - Hovdungo, årlig	9 600
Stigakaien - Stigen - Beitelen, årlig	13 760
Vassete - Breiskrednosi - rydda "ny" gamal sti	50 000
Odnesfossen - Planlegge tilrettelegging/utlysning av trapp/sti	30 000
Dyrdal - Salthella - Skogane - Dyrdal, årleg.	14 400
Grøfter gamle Bakkaveg, årlig	20 000
Sti Sivle – Nåli	9 600
Sti Nedbergo	9 600
Hausen	15 000
Sum skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar	283 860
Tilrettelegging og informasjonstiltak	
Delfinansiering miljøpatrulje	200 000
Nye utedoar	100 000
Møte med reiseliv og turoperatører	30 000
Delfinansiering informasjonspunkt verdsarvhus på Bakka	40 000
Delfinansiering info/rasteplass i Slettedalen	30 000
Delfinansiering av andre skilt/innfallsportar	50 000
Sum tilrettelegging og informasjonstiltak	450 000
Sum tiltaksmidler totalt	1 972 968



Saksopplysningar

Bakgrunn og rammer

Tiltaksplanen for 2026 byggjer vidare på strategiane og prioriteringane frå 2025, som gav svært gode resultat både for skjøtsel, besøksforvaltning og samarbeid med grunneigarar og SNO. Følgjande dokument ligg til grunn for årets plan:

- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2026–2030, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden (2008)
- Skjøtelsesplanar, besøksstrategi og kommunikasjonsplan
- Synfaringar, kartleggingar og evaluering av tiltak i 2025
- Innspel frå grunneigarar, rådgjevande utval, kontaktutval og SNO

Tiltaksmidlane skal bidra til å oppretthalde og betre naturtilstanden i verneområda, og det blir nasjonalt prioritert å motverke påverknadsfaktorar som:

- attgroing
- framande artar
- slitasje på vegetasjon
- forstyrringar av dyreliv
- tekniske inngrep

Kva er nytt i strategiane frå Miljødirektoratet 2026–2030?

Forvaltninga av verneområda byggjer vidare på arbeidet frå 2020–2025, med mål om å halde ved lag og betre naturtilstanden gjennom klare prioriteringar og betre styring av tiltaksmidlane.

Klimaendringar, nye trusselbilette og behov for meir samordna oppfølging gjer at strategien for 2026–2030 stiller strengare krav til dokumentasjon, prioritering og samarbeid mellom forvaltningsmyndigheitene.

Den nye strategien skjerpar retninga for effektiv og målretta bruk av midlar, med tydelegare prioriteringar, betre verktøy og sterkare kopling mellom tiltak og trugsmål mot verneverdiane.

Kva er nytt i 2026–2030 – hovudpunkt

- **Villreintiltak inn i same budsjettpost (1420.31)** – gir breiare ansvar og krav om heilskaplege prioriteringar.
- **Revidert strategi for tiltaksmidlar** – oppdatert struktur, men med tydelegare prioriteringsrekkefølge, særleg knytt til trusselbiletet (fremmede artar, gjengroing, slitasje, forstyrringar).
- **Klimaendringar integrert som premiss** – tiltak skal i større grad planleggjast med omsyn til flaum, rasfare, endra artssamansetning og auka behov for skjøtsel.



- **Sterkere krav til synleggjering av miljørettsprinsippa (§§ 8–12)** ved innmelding av tiltak som kan påvirke naturmangfaldet.
- **Tydeleg prioriteringsstige** – seks nivå frå trusselreduserande tiltak til informasjon og besøksforvaltning som ikkje er knytt direkte til trusselbiletet.
- **Samordna metode og systembruk** – overgangen til *Naturoppdrag* som felles plattform for innmelding, planlegging og oppfølging av tiltak og SNO-opppdrag.
- **Krav om forankring i besøksstrategi/forvaltningsplan** skjerpast, særleg for større tilretteleggingstiltak og tiltak som krev samfinansiering.
- **Tidleg tildeling av tiltaksmidlar blir avvikla** etter evaluering – men moglegheit for tidleg forhåndsgodkjenning vert vidareført.
- **Strammare rammer for universell utforming i verneområde** – høg terskel og krav om alternativ plassering utanfor vernegrensa.
- **Forsterka krav til planlegging av oppsyn og tilsyn** i dialog mellom forvaltningsmyndigheit og SNO.

Miljødirektoratet sine prioriteringar vidareførast for dei nye strategiane, kor punkt 4 er nytt:

Strategien løftar fram denne rekkefølgja som gjeld for alle tiltaksmidlar:

1. **Tiltak som direkte motverkar truslar mot verneverdiane**
– t.d. fjerning av fremmede arter, tiltak mot gjengroing, avbøting av slitasje, redusere forstyrringar.
2. **Løpande skjøtselstiltak**
– kontinuerleg skjøtsel som er nødvendig for å halde naturtypen i god tilstand.
3. **Vedlikehald av eksisterande tilrettelegging**
4. **Besøksforvaltningstiltak i område med høgt besøkstrykk**
5. **Besøksforvaltning ellers**
6. **Tiltak som ikkje er direkte knytt til trusselbiletet** (t.d. nye fugletårn m.m.)

I tillegg kjem fleire presiseringar i føringane for 2026:

- Tiltak skal vere **forankra i godkjent forvaltningsplan, skjøtelsplan eller besøksstrategi**.
- Det blir kravd at forvaltningsmyndigheita **synleggjer miljørettsprinsippa (§§ 8–12)** ved tiltak som kan påvirke naturmangfaldet.
- Klimaendringar skal vurderast som grunnpremiss ved planlegging av skjøtsel og tilrettelegging.

Frist for innsending av tiltaksplan og SNO-bestilling til Miljødirektoratet er januar 2026.



Vurdering

Grunngjeving og prioriteringar 2026

Årets prioriteringar byggjer på dei gode resultata frå 2025 og det nære og tillitsfulle samarbeidet med grunneigarar, gardbrukarar, bygdelag og miljøpatruljen. Dette samarbeidet har vore avgjerande for å redusere gjengroing, halde stiane opne og sikre skjøtsel av sentrale kulturlandskap. Tiltaka for 2026 tek vidare utgangspunkt i gjeldande forvaltningsplan og besøksstrategi, og følgjer dei nye føringane frå Miljødirektoratet.

Strategien for 2026–2030 frå Miljødirektoratet legg sterkare vekt på trusselbiletet, klimaeffektar, løpande skjøtsel og trygg ferdsel enn det som låg til grunn i perioden 2020–2025. Der den førre strategien prioriterte generelle avbøtande tiltak, skjerpar den nye strategien krava til målretta innsats mot framande artar, strakstiltak der verneverdiane er trua, og ein meir presis prioritering knytt til påverknadsfaktorar.

På denne bakgrunnen løftar tiltaksplanen for 2026 fram dei tiltaka som gir størst positiv effekt på naturtilstanden – særleg kontinuerleg skjøtsel, tiltak i område med akutte behov, tryggleikstiltak for ferdsel og tiltak som styrkjer besøksforvaltninga i område med stort trykk.

Det samla budsjettet for 2026 er høgare enn året før, i tråd med dei innmelde behova og dei nye strategiske krava. Dersom løyvingane frå Miljødirektoratet vert lågare enn foreslått ramme, vil forvaltaren kome tilbake til styret med ei revidert prioritering i neste møte.

Oppdatert prioritering 2026 (samandrag av budsjett)

Tiltaka er prioriterte etter verneformål, trusselbiletet og gjennomføringsevne. Tabellen syner detaljert oversikt over kvart tiltak i 2026-planen.

- **Skjøtsel av kulturlandskap:** 1 239 108 kr
- **Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar:** 283 860 kr
- **Tilrettelegging og informasjonstiltak:** 450 000 kr
- **Sum tiltaksmidler totalt:** 1 972 968 kr

1. Skjøtsel av kulturlandskap

Mangel på skjøtsel er framleis ein av dei største truslane mot verneverdiane. Forvaltaren tilrår vidareføring av prioriterte område på:

- Styvi
- Stigen – Stokko – Undredal
- Nedbergo
- Dyrdal



- Fronnes
- Stalheimskleiva - beite
- Skogane beite

I tillegg blir desse tiltaka prioriterte i 2026:

- Vidareføring av restaurering og skjøtsel på **Nåli**, med pilotbruk av *Nofence*
- *Vidareføring av beite i Stalheimskleiva, trong for fleire dyr*
- Forsterka skjøtsel på **Skogane**, grunna aukande attgroing og trong for beitebruk
- Oppfølging av framande artar og skjøtelsråd i **Nordheimsdalen**, basert på basiskartlegging

Kulturlandskapet på Styvi krev særleg ressursar knytt til driftsform med trong for kjøp av tenester til båttransport av sau, kaiar, gjerde og drift. Forvaltaren vurderer dette som særskild viktig for å bevare eit unikt og sårbart kulturlandskap. Det er lagt inn i budsjettet trong for restaurering av kaianlegg på Styvi og Holmo for å sikre vidare skjøtsel av landskapet.

2. Stiar, stølsvegar og ferdselsforvaltning

Forvaltaren foreslår vidareføring av skjøtsel og vedlikehald på stiar i:

- Dyrdal
- Bakka
- Undredal
- Stigen
- Beitelen
- Fresvik
- Postvegen
- Nåli og Nedbergo

I tillegg blir dette prioritert i 2026:

- **Tiltak etter uvêret Amy** for å hindre erosjon og sikre framkomst
- Omlegging av delar av stien Vassete–Breiskrednosi
- Ny tilrettelegging og mindre omlegging av stien til **Odnesfossen**
- Restaurering av **buførestien i Tundalen** (kulturminne og viktig beitestøl)

3. Tilrettelegging og informasjon

Tiltak som vidareførast og styrkast:

- Samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark om innfallsportar og skilting
- Toalettanlegg på Bakka – delfinansiering
- Vidareføring av ilandstigningsplassar ved fjorden (Holmo, Odnes, Inste Holmaviki, Skalmenes, Klungrenes)



- Oppfølging og eventuelt etablering av nye komposttoalett etter auka besøkstal

4. Miljøpatruljen 2026

Miljøpatruljen var eit av dei mest vellukka tiltaka i 2025. Forvaltaren tilrår vidareføring av ordninga:

- To sesongtilsette i samarbeid med Verdsarvparken og lokalt næringsliv
- Oppgåver: skjøtsel, tilsyn med toalett, informasjon og styring av ferdsel
- Særleg innsats i område med høgt besøkstrykk

5. SNO – kartlegging og oppsyn

Forvaltaren foreslår å bestille SNO-ressursar til:

- Kontroll av nye og gjeldande dispensasjonar
- Tilsyn og vedlikehald på rasteplassar
- Registrering av installasjonar på bygningar
- Oppfølging av erosjon og slitasje etter Amy

Oppdrag vert registrert i Naturoppdrag.

6. Utrekning av summar og satsar

Forvaltaren foreslår å vidareføre:

- Grunnsatsen som grunnlag for skjøtsel (ev. justert for 2026)
- Satsar for urterik slåttemark og annan slåttemark
- 50 % dekning av frakt av sau og utstyr til Styvi og Stigen

Tilråding frå forvaltar

Forvaltaren tilrår at verneområdestyret:

1. Vedtek tiltaksplan for 2026 slik han ligg føre i saksutgreiinga.
2. Prioriterer skjøtsel, beite og restaurering i område med trua naturtypar og særskilte viktige kulturlandskap.
3. Styrkjer satsinga på ferdselsforvaltning, særleg knytt til slitasje etter uvêret Amy.
4. Løyver midlar til delfinansiering av toalettanlegg på Bakka og informasjonstiltak i samarbeid med Verdsarvparken.
5. Vidarefører Miljøpatruljen som tiltak i 2026.
6. Godkjenner innmelding av SNO-ressursar for 2026 slik den er skissert.
7. Gjev forvaltaren fullmakt til å gjere mindre budsjettjusteringar før innsending til Miljødirektoratet.



Arkivsaksnr: 2025/537-31

Sakshandsamar: Steinar Garmann Sørli

Dato: 21.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	45/25	03.12.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - Høyring Naturmangfaldplan Aurland kommune

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre er høyringspart i Naturmangfaldplan Aurland 2026–2038, med høyringsfrist 19. desember. Forvaltar vurderer at styret bør sende eit formelt høyringssvar. Tida fram til styremøtet er likevel for knapp til at saka kan handsamast grundig der.

For å sikre ei god prosess og eit fagleg solid høyringssvar ber forvaltar om at styret sluttar seg til følgjande løysing:

Føreslått prosess

- Forvaltar utarbeider eit utkast til høyringssvar og sender det til styret på e-post.
- Styremedlemmene gjev innspel til utkastet innan **15.12.**
- Forvaltar justerer dokumentet i tråd med innspela og sender endeleg forslag til styret.
- Styret gjev si tilslutning til høyringssvaret via e-post innan **17.12.**, slik at svaret kan sendast kommunen før fristen **19.12.**

Vurdering

Denne framgangsmåten gjer at styret får handsama saka på ein forsvarleg måte, trass i kort tidsfrist. Prosessen sikrar eit samla, godt forankra og fagleg grundig innspel frå styret til kommunen.

Tilråding

Styret godkjenner den foreslåtte prosessen for utarbeiding og vedtak av høyringssvar til Naturmangfaldplan Aurland 2026–2038

ST 46/25 Orienteringar og referatsaker



Arkivsaksnr: 2025/537-33

Sakshandsamar: Steinar Garmann Sørli

Dato: 21.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre		

Resultat frå Kunnskapsprosjektet 2025

Innstilling frå forvaltar til orientering

Statusrapporten for Kunnskapssatsinga i Vestnorsk Fjordlandskap hausten 2025 syner at satsinga står sterkare enn nokon gong, med solid framdrift innan både kunnskap, formidling og forvaltning. Det breie samarbeidet mellom styra, kommunar, fagmiljø og verdsarvaktørar har lagt eit nytt fundament for å vidareutvikle ei moderne, kunnskapsbasert forvaltning.

Rapporten viser òg at vi treng endå tydlegare prioriteringar – særleg knytt til stabile ressursar, langsiktig kunnskapsoppbygging og betre verktøy for heilskapleg forvaltning.

Tilrårer eg at styret særleg vektlegg funn frå Nærøyfjorden, og ser dei i samanheng med Geirangerfjorden, slik at revidert forvaltningsplan kan byggje på eit felles, oppdatert og kunnskapsgrunnlag.

Funn frå Nærøyfjorden (kort, oppsummerte punkt)

Fjell og snøleigar

- Området har fleire raudlista naturtypar (snøleige VU, rabbe NT, fjellhei/leside/tundra NT).
- Ny registrering av truga mosar som snøbinnemose, snøotmose og bresotmose viser høg verdi og stort kunnskapspotensial.

Skogsmiljø

- Stor variasjon med både edellauvskog (alm–lind–hassel) og kalkrik furuskog – fleire er raudlista.
- Fleire truga artar i både lauvskog, furuskog og gamal boreal lauvskog, men kunnskapsmangel gjer at verdipotensialet truleg er større enn kartlagt.

Kulturlandskap

- Slåttemarkene ved Stokko og Stigen framstår som dei viktigaste attverande slåttemarksareala i hevd.
- Fjordliene mellom Bakka–Undredal har nasjonalt viktige rasmarksenger med truga insekt (bloddråpesvermar EN).



Naturleg open mark under skoggrensa

- Særleg rik insektfauna i rasmarkene, m.a. bandbloddråpesvermar (EN).
- Sørvendte lier ved Nedbergo/Skjerdal har særleg viktige førekomstar av takfaks (EN) og glattordivel (EN).

Fossemiljø

- Store og verdifulle fosseenger ved Sivlefossen, Brekkefossen, Rjoandefossen og Stalheimfossen – fleire raudlista moseartar funne i 2025.

Ferskvatn

- Nærøydalselvi er nasjonalt laksevassdrag; Undredalselvi og Dyrðalselvi er potensielt anadrome, men har stort kunnskapshol.

Marint (særleg viktig for felles forvaltningsplan)

- Nærøyfjorden er ein del av nasjonal laksefjord og har gytefelt for kysttorsk på grunt vatn – lokalt svært viktig.
- Dokumentert førekomst av sjøfjørbotn (sårbart OSPAR-habitat) og potensial for svampskog.
- Store kunnskapshol om økologisk tilstand i marine miljø; rapporten tilrår systematisk overvaking og vidare kartlegging av sjøfjør, svamp og botndyr.

Trong for felles linje for Vestnorsk fjordlandskap

Kvifor dette er viktig for revidert forvaltningsplan:

Funn frå Geirangerfjorden speglar mykje av mønsteret i Nærøyfjorden – men med særskilte marine og geologiske tilleggskvalitetar. Til saman gir dei to fjordsystema eit større, samanhengande bilete av verdsarvverdiane.

Korte, viktige parallellar frå Geirangerfjorden:

- Felles fjellutfordringar (raudlista naturtypar, klimaendringar, smeltande snøfonner).
- Store og sårbare rasmarksenger med liknande artsbilete som i Nærøyfjorden.
- Betydelige funn av korallrev, inkludert eit av dei viktigaste intakte korallreva som er funne i indre fjordområde på Vestlandet.
- Svampskog dokumentert (sårbart OSPAR-habitat).
- Gytefelt for torsk i indre fjord – tilsvarende som i Nærøyfjorden.

Konklusjon:

→ Dei to fjordsystema deler mange av dei same utfordringane og behov for kunnskapsoppbygging.

→ Felles utfordringar knytt til klima, marin økologi, kulturlandskap og reduserte beiteressursar gjer at forvaltningsplanen bør byggjast på eitt felles, oppdatert kunnskapsgrunnlag – ikkje to parallelle.

Tilråding – med styrka vekt på Nærøyfjorden og samanhengen med Geirangerfjorden

På bakgrunn av både Statusrapporten 2025 og nye fagfunn tilrår eg at styret:

- støttar vidareføring av kunnskaps- og forskingskoordinator
- prioriterer systematisk kunnskapsoppbygging om biologisk mangfald, med særleg innretning mot fjell, kulturmark og marine miljø
- stiller seg bak etablering av forskarpanel – felles for begge fjordsystem
- sikrar framdrift i utviklinga av forvaltningsplattforma i samarbeid med Miljødirektoratet
- løfter formidlingstiltaka Fjord//Forsk, Natureseminaret og digital formidling som integrert del av forvaltninga
- prioriterer å starte arbeidet med klimarisiko knytt til verneveridane - OUV
- legg til grunn ei felles linje for Nærøyfjorden og Geirangerfjorden i revideringa av forvaltningsplanen, særleg basert på fellestrekk i fjell- og marine økosystem

Dette vil styrkje fundamentet for revisjon av forvaltningsplanen, regional plan og framtidig UNESCO-rapportering – og samtidig sikre betre og meir heilskapleg forvaltning av verdiane i begge fjordsystema.

RS 15/25 Utkast til program dialogmøte 8. januar 2026

DS 7/25 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel transport av materiale - Jostein Daltveit

DS 8/25 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Bleie-Storebotn landskapsvernområde - Norheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt i 2025 - Arvid Gilje